

Vedlegg I 1

Bergen 13.05. 2014

### Synfaring på Sæbø – Radøy

Arild Sætre, Museumssenteret i Hordaland (MUHO) og Roald Landøy, Hordaland Fylkeskommune (HFK) var 29.04.2014 på synfaring på det gamle våningshuset på Kvamme på Sæbø. Bakgrunnen for synfaringa var at eigarane no ville ha ei tilstandsvurdering og ei ny vurdering av om det er mulig å bruke/bu i huset. Tilstades var og eigarane Ivar, Reidun og Ingrid Thorsheim.

Eigarane har søkt Radøy kommune om rivingsløyve på huset, og fått nei. Situasjonen er dermed uhaldbar for bygningen, i den forstand at dei ikkje ser noko framtid for den, og av same grunn ikkje vil bruke ressursar på istandsetting. Bygningen er prega av forfall, som på ulike stader akselererer.

Det har vore usikkert kva status lafteverket er i der dette ikkje er synleg. For å skaffe oss betre oversikt over det blei vi samde med eigar om å demontere/avdekke deler av panel/plate som er montert på innsida. Arild Sætre har tidlegare føreteke ei mindre avdekking på utsida, som ga grunn til uro. Der var det fuktig isolasjon mellom kledning og laftet, noko ein kunne forvente å finne lenger opp i veggen og.

Det blei gjort ei mindre avdekking i den søre stova. Tømmeret i denne er synleg frå rommet mellom vernemuren og stova, og ein har tenkt at denne delen kan være den eldste på huset. På innsida syner det seg at laftet ikkje var heilt sletthogd, men berre lekta inn og panelt (perlestaff). Laftet er og supplert – truleg i samband med at stova er flytt dit. Lafteverket framstår dermed som mindre autentisk.


I den nordre stova blei det og gjort ei mindre avdekking ved vindauge mot sørvest. Det ein ser er at beitski er borte, pga at vindauge som er satt inn er større enn det opphavlege. Rommet som står fram med størst autentisitet er soverommet mot nordvest (andre etg). Det generelle inntrykket er dermed at bygningen er ombygd og tilbygd i den grad at verneverdien er redusert, i tillegg vil ein måtte endre den ytterlegare i samband med ei eventuell endring til ny bruk dels grunna uforsvarleg låg takhøgde, og sviktande konstruksjonar.

Vi har difor konkludert med at bygningen ikkje representerer eit godt nok utgangspunkt for ei antikvarisk forsvarleg istrandsetting.

Derimot meiner vi at plasseringa og nokre element i bygningen godt kan nyttast i ein ny situasjon. Ein tenkjer då først på vernemuren i gavlen mot sør, og dernest på at den eine laftekassen kanskje kunne brukast i ein ny setting som historiefortellande element. Vidare er det viktig å ha auge for form og volum slik at ikkje staden blir «nedbygd» i ein eventuell ny situasjon.

Roald Landøy  
Sivilarkitekt  
Bygningsverntenestane  
Hordaland Fylkeskommune

Arild Sætre  
Sivilarkitekt  
Kulturverntenesta i Nordhordland  
Museumssenteret i Hordaland



Ivar Thorsheim  
Sæbøvågen 353  
5938 SÆBØVÅGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/1771 - 14/6898

Saksbehandlar:  
Toril Marie Mulen  
toril.mulen@radøy.kommune.no

Dato:  
19.06.2014

## Gnbr 89/6 - Kvamme - notat etter møte mellom søker og landbruk/kulturminnemynde i Radøy kommune

Vi viser til møte i dag 19.06.2014 mellom Ivar Thorsheim, Bente Hersvik og Toril M Mulen. Vi som var tilstades på møtet som representerer Radøy kommune når det gjeld kulturminne og landbruk er positive til planane dykk har lagt fram i innsendte skisser.

Utan skissene dykk har sendt inn, utan uttalelse fra Arild Sætre og Roald Landøy og utan møtet vi hadde i dag forstår vi at dykk ønsker å ivareta huset gjennom å ta vare på vernemuren mot sør, og sjå på om den ene laftekassen kanskje kan brukast i ei ny setting som historiefortellende element. Arkitektane Arild Sætre og Roald Landøy har også skrive at det er viktig å ha auge for form og volum slik at ikke staden blir «nedbygd» i ein ny situasjon. Vi merkar oss at fasaden som er synleg frå vegen vil framstå som slik den er i dag i eit framtidig tenkt bygg. Det ser vi på som positivt.

Vi stiller oss svært positive til at dykk har kome fram til ei konstruktiv løysing der ein søker å ivareta det som er mogleg å ivareta i eksisterande bygning, samstundes som bygningen gjennom fornying også tilfredsstiller dagens krav til kjøken og sanitærforhold, og høgd under taket.

Det er i tråd med LNF-føremålet å ha eit våningshus på landbrukseigedommen.

Med helsing

Toril Marie Mulen  
Leiar Felles landbrukskontor

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

## Vedlegg Q1

Radøy Kommune  
Teknisk forvaltning

Sæbøvågen 03.09.2014


### **VEDR. SØKNAD OM BYGGELØYVE NYBYGG, - RIVING AV EKS. VÅNINGSHUS, GNR. 89, BNR. 6 KVAMME I RADØY.**

Viser til mitt brev dat. 12.06.2014 og notat frå møte 19.06.2014 med Toril M. Mulen og Bente Hervik.

I samsvar med dei konklusjonar som vart uttrykt i møtet og notat har vi som eigarar fått utarbeidd planar for eit nytt våningshus på bruket. Teikningane er utarbeidd av Sivilarkitekt Tor Solhaug som og har fått tilgang til korr. med Radøy kommune og rådgjevarar frå museumssenteret i Salhus og Hordaland fylkeskommunen. I samråd med Arild Sætre (MUHO) har det også vorte sett i verk dokumentasjon av eksisterande våningshus.

Vidare har eg den 01.09.2014 hatt synfaring på staden med Einar Færø frå teknisk etat der tilhøve vedr. vasstilknyting og avlaup vart diskutert. Det ligg godt til rette for tilknyting til eksisterande avstikk på hovudleidning ca 70 m nordaust for huset. Vidare er det naturleg at avlaup frå septiktank/reinseanlegg vert leia til lukka hovudgrøft i dalføret nordaust for nybygg. Desse tilhøva vil verta nærmere spesifisert i søknad om tilknyting frå rørleggarar.

Med helsing

  
Ivar Thorsheim

Sæbøvegen 353  
5938 Sæbøvågen

Arkitektur:

Vi har sökt å tilpassa oss hovudform og skala i eksisterande bygg – men med fasadeutforming /detaljering som fortel at det er eit bygg frå vår tid. Vi meiner å ha lukkast med dette i prosjektet vi no byggemelder. Elles viser vi til vedlagt notat etter synfaring 29.04.2014 med Arild Sætre (MUHO) og Roald Landøy(HFK) der det vert sagt litt om kva retningslinjer som kan medverka til eit positivt svar på byggesøknaden. Så langt råd har me teke omsyn til desse. I tillegg til ovanfor nemnde moment er den omtala vernemuren i sør integrert i nybygget.

Venleg helsing:



**Sivilarkitekt Tor Solhaug MNAL**

Øvre Korskirkemug 2B 5018 BERGEN

TLF: 92 84 02 76 Epost: [tor@2rsø.no](mailto:tor@2rsø.no)